


<p><b>Tema:</b> <b>Observasjon</b></p> <p><b>Mål:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Du skal observere tilstand og endringar hos pasient/ brukar</li> <li>- Du skal rapportere og dokumentere tilstand og endringar hos pasient/ brukar</li> </ul> 	<p><b>Verb</b></p> <p>å observere å rapportere å dokumentere</p> <p><b>Substantiv</b> symptom klinisk blikk data objektive data subjektive data respirasjon puls tilstand fysisk tilstand psykisk tilstand miljø journal helsepersonellova dokumentasjonsplikt</p> <p><b>Adjektiv</b> akutt</p>	<p><b>Omset orda til morsmålet ditt</b></p> <p>å observere ԳՐԾԻՂ (tigrinja)</p> <p>å rapportere...</p>
<p><b>Modell tekst</b></p> <p>Å <b>observere</b> er ein prosess der du samlar inn <b>data</b> om pasienten/ brukar heile tida. Til dømes under stell eller måltid. Med erfaring utviklar ein eit <b>klinisk blikk</b>. Det utviklar du over tid når du kombinerer kunnskap og praksis. Det hjelper deg å kjenne att <b>tilstanden</b> til pasienten/ brukar, slik at du raskt kan oppdage små endringar og behov.</p> <p>Ein deler informasjonen inn i to typar. <b>Objektive data</b> er fakta om den <b>fysiske tilstanden</b>, som for eksempel hudfarge, <b>respirasjon</b> eller <b>puls</b>. Når pasienten fortel om eit <b>symptom</b>, som smerte eller kvalme, kallar vi dette for <b>subjektive data</b>. Du observerer også den <b>psykiske tilstanden</b>, er pasienten glad, trist, sint eller uroleg, og <b>miljøet</b> rundt han. I miljøet ser du om det er trygt og reint.</p> <p>Viss situasjonen er <b>akutt</b>, må du <b>rapportere</b> vidare til sjukepleiar og <b>dokumentere</b> informasjonen i pasienten sin <b>journal</b>. <b>Helsepersonellova</b> seier at du har <b>dokumentasjonsplikt</b>.</p>	<p><b>Setningsstartar</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Når eg <b>observerer</b> pasienten, samlar eg inn...</li> <li>• Eg samlar inn <b>data</b> om pasienten...</li> <li>• Med eit <b>klinisk blikk</b> kan eg....</li> <li>• <b>Objektive data</b> er fakta som eg kan...</li> <li>• Når eg ser på den <b>fysiske tilstanden</b>, sjekkar eg til dømes...</li> <li>• Eg observerer den <b>psykiske tilstanden</b> ved å...</li> <li>• I <b>miljøet</b> rundt pasienten ser eg ...</li> <li>• <b>Subjektive data</b> er når pasienten fortel om eit <b>symptom</b>...</li> <li>• Viss det oppstår ein <b>akutt</b> situasjon, må eg...</li> <li>• Eg må <b>dokumentere</b> informasjonen i pasienten sin <b>journal</b> fordi...</li> </ul>	